

14/1383

Kvare
06-March-2014

Hundvingrend Indremisjon

Resultat

Dato: 03.01.2014

Side: 1

Periode: 1- 12
Regnskapsår: 2013

Konto Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
Driftsresultat			
LINDAS KOMMUNE			
Klassering			
- 4. 03. 2014			
Driftsinntekter			
Salgsinntekter			
3000 Medlemspenger	-2 500,00	-3 000,00	500,00
3010 Basar	-26 810,00	-25 000,00	-1 810,00
3015 Gjevarteneste	-65 700,00	-60 000,00	-5 700,00
3100 Kollektar	-5 540,00	-7 000,00	1 460,00
3120 Festar og tilstelningar	-15 266,00	-5 000,00	-10 266,00
* 3210 Andre inntekter	-37 572,50	-15 000,00	-22 572,50
SUM Salgsinntekter	-153 388,50	-115 000,00	-38 388,50
Andre inntekter			
3600 Husleigeinntekter	-10 100,00	-15 000,00	4 900,00
SUM Andre inntekter	-10 100,00	-15 000,00	4 900,00
SUM Driftsinntekter	-163 488,50	-130 000,00	-33 488,50
Driftskostnader			
Varekostnad			
* 4000 Driftsutgifter	39 257,15	25 000,00	14 257,15
SUM Varekostnad	39 257,15	25 000,00	14 257,15
Andre driftskostnader			
6000 Avskrivning på bygning	20 000,00	20 000,00	-0,00
6015 Avskrivning på inventar	14 317,00	13 500,00	817,00
6200 Straum	22 500,52	25 000,00	-2 499,48
6550 Andre utgifter	2 253,41	10 000,00	-7 746,59
7020 Vedlikehald	22 733,00	30 000,00	-7 267,00
* 7420 Fast gáve til NI	40 000,00	30 000,00	10 000,00
* 7440 Gáver/kollektar	12 000,00	7 000,00	5 000,00
7500 Forsikringspremie	11 204,00	11 000,00	204,00
SUM Andre driftskostnader	145 007,93	146 500,00	-1 492,07
SUM Driftskostnader	184 265,08	171 500,00	12 765,08
SUM Driftsresultat	20 776,58	41 500,00	-20 723,42
Finansinntekt og -kostnad			
Finansinntekter			
Renteinntekter			
8050 Renteinntekt	-2 575,00	0,00	-2 575,00
SUM Renteinntekter	-2 575,00	0,00	-2 575,00
SUM Finansinntekter	-2 575,00	0,00	-2 575,00
Finankostnader			
Rente kostnader			
8150 Bankgebyr	141,00	0,00	141,00
SUM Rente kostnader	141,00	0,00	141,00
SUM Finankostnader	141,00	0,00	141,00

Resultat

Periode: 1 - 12

Regnskapsår: 2013

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
	SUM Finansinntekt og -kostnad	-2 434,00	0,00	-2 434,00
	Årsresultat	18 342,58	41 500,00	-23 157,42
	Avsetninger	0,00	0,00	0,00
	Årsresultat etter avsetninger	18 342,58	41 500,00	-23 157,42

Balanse

Dato: 03.01.2014

Periode: 1- 12

Side: 1

Regnskapsår: 2013

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
Eiendeler				
<u>Anleggsmidler</u>				
Varige driftsmidler				
1100	Bygninger	470 000,00	-20 000,00	450 000,00
1250	Inventar	27 000,00	19 000,00	46 000,00
SUM Varige driftsmidler		497 000,00	-1 000,00	496 000,00
SUM Anleggsmidler		497 000,00	-1 000,00	496 000,00
<u>Omløpsmidler</u>				
Investeringer				
1820	Andre aksjer	0,00	2 000,00	2 000,00
SUM Investeringer		0,00	2 000,00	2 000,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.				
1920	Bankinnskudd	168 368,28	-17 342,58	151 025,70
SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.		168 368,28	-17 342,58	151 025,70
SUM Omløpsmidler		168 368,28	-15 342,58	153 025,70
SUM Eiendeler		665 368,28	-16 342,58	649 025,70
Egenkapital og gjeld				
<u>Egenkapital</u>				
Over-/underskudd				
8800	Udisponert årsresultat (underskudd)	0,00	18 342,58	18 342,58
SUM Over-/underskudd		0,00	18 342,58	18 342,58
Opptjent egenkapital				
2050	Annen egenkapital	-54 103,15	-2 000,00	-56 103,15
SUM Opptjent egenkapital		-54 103,15	-2 000,00	-56 103,15
SUM Egenkapital		-54 103,15	16 342,58	-37 760,57
SUM Egenkapital og gjeld		-54 103,15	16 342,58	-37 760,57

03.01.14
H. Paulsen

Revisorskapet revidert 17/2-2014
Rune Brundland
Jostein Hauge

Budsjett 2014: Hundvingrend Indremisjon

	Budsjett 2014	Budsjett 2013	Rekneskap 2013
Inntekter			
Medlemspengar	3 000	3 000	2 500
Basar	27 000	25 000	26 810
Gjevarteneste	75 000	60 000	65 700
Kollektar	5 000	7 000	5 540
Festar og tilstelningar	10 000	5 000	15 266
Andre inntekter	30 000	15 000	37 372
Husleigeinntekter	12 000	15 000	10 100
Sum inntekter	162 000	130 000	163 488
Utgifter			
Driftsutgifter	33 000	25 000	39 257
Straum	28 000	25 000	22 500
Andre utgifter	5 000	10 000	2 253
Vedlikehald	40 000	30 000	22 733
Fast gåve til NI	35 000	30 000	40 000
Gåver/kollektar	10 000	7 000	12 000
Forsikringspremie	11 000	11 000	11 204
Sum utgifter	162 000	138 000	149 948
Driftsresultat før avskrivningar	0	- 8 000	13 540
Renteinntekter	2 000	-	2 434
Kontantstraum frå drift	2 000	-	15 974

Investeringar

- Matsal: maling/tapetsering/lampar:	Vedlikehald
- Varmepumpe hovedsal	37 000
- Utstyr	10 000
- Sum investeringar	47 000

Likviditet

- Bank 01.01.2014	151 000
- Kontantstraum frå drift	2 000
- Investeringar	47 000
- Bank 31.12.2014	106 000

Styret 06.01.2014

Årsmelding for Hundvingrend Indremisjon 2013

Eit år har gått, og eit nytt har teke til. Tida den kjem og den går, utan at me kan gjera noko til og ifrå. Men me kan bruka tida og dagen me har i dag, i tenesta for Gud og for kvarandre. I eit dikt, oversett frå engelsk, men med ukjent forfattar, heiter det: "Har du eit arbeid tungt som få – begynn i dag! Begynn i dag! I dag er himlen klar og blå – I morgon kommer skyer grå. I går er ei å tenke på. Begynn i dag!"

Styret har i år vore slik:

Leiar: Kari Brundtland

Nestleiar: Anne Karin Leivestad Hauge

Skrivar: Brita Bogevik

Kasserar: Kaare Gaulen

Styremedlem: Hege Jektvik

Vara: Inger Anne Andersen og Johannes Hauge

Basarnemd:

Britt Torsvik, Gunhild Sætre og Elfrid Gaulen

Valnemd:

Jostein Hauge og Johannes Hauge.

Revisorar:

Jostein Hauge og Rune Brundtland

Husstyre:

Andreas Bogevik, Geir Ove Solsvik og Åslaug Hauge

Utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon:

Kari Brundtland og Kaare Gaulen.

Andreas Bogevik har hatt ansvar for oppvarming i huset, og brøyting.

Jostein Hauge er framleis vår representant i samarbeidskomiteen av bedehusa Lindås, Natås, Myking, Kløvheim og Konglevoll, og i samarbeidskomiteen der Eben Eser, Misjonsmenigheten og Leirvåg bedehus og er med.

Styret har i år hatt 11 styremøte, og har hatt oppe 46 saker.

Me hadde 4 temakvelder i vår, og 4 temakvelder i haust ut frå temaet "Omslutta av Kristus". Til desse samlingane hadde me talarar frå Nordhordland Indremisjon. Dette har vore kjekke og gjevande kvelder med kveldsmat, god undervisning, og fine samtalar i grupper etterpå. Oppslutnaden har vore god, frå omkring 15 til 20 personar kvar gong.

Det har vore eitt møte for Israelsmisjonen, og eitt møte for BlåKors i vårsemesteret. Kaare Gaulen er framleis kontakt for Israelsmisjonen, og Bjarte Brundtland for Blå Kors.

Skjærtorsdag hadde me som vanleg nattverdsmøte. Denne gongen var Audun Hjellvik sett opp som talar, men kunne dessverre ikkje møte. Helge Keilegavlen kunne heldigvis stille på kort varsel.

Av medlemsmøter hadde me eit om våren, og eit om hausten.

I tillegg til dei omtale samlingane har vi hatt:

25. – 27. januar: NLM møte med O.E. Steinsland

17.mai kvelds

Grillbasar 08.06

Jonsokkveld i Gaulen

I mars prøvde me med eit nytt arrangement, nattkafé, ein fredagskveld. Me hadde lenge snakka om at dei unge trong ein samlingsarena i Bedehuset. Hege Jektvik og Anita Gjerstad m/fleire har gått i bresjen i dette arbeidet. Målgruppa er ungdom over 7.kl, men vaksne kan også koma. Der er sal av mat og drikke, ord for kvelden, film el. liknande, samtale, spel og aktivitetar av ymse slag. Første kvelden var så vellukka, at ein fortsette med ein kveld også i april. Frå hausten av har ein hatt nattkafé ein gong i månaden, og fortset med det også i 2014.

I haust starta me med Storsamlingar, samlingar for heile familien. Jostein og Anne Karin Hauge og Aina S. George har vore ansvarleg for dette, og Solveig Hauge har hatt ei gruppe med seg til det praktiske. Lokale krefter har stått for god bibelundervisning, og borna har fått sitt eige opplegg under talen. Samlingane blir avslutta med måltidsfelleskap. Oppmøte har stort sett vore svært godt. 3 samlingar vart det i haust.

I haust hadde me også Kulturtreff på programmet, ein søndags ettermiddag i november. Ikkje så veldig godt oppmøte, spesielt ikkje av oss lokale. Programmet var tre-delt, med Lindås Trekkspelklubb, Victor Bakke med kåseriet "Landet der ørkenen blomstrar", og Knut Inge Røen som song Jim Reeves-songar og anna oppe i møtesalen. Vi avslutta med mat nede i matsalen. Det var ei kjekk og litt annleis samling.

Norsk Luthersk Misjonssamband skulle hatt ei møteveke i november me Turid Rørmark. Ho vart diverre sjuk, og møta måtte avlysast. Som erstatning fekk me eit møte med Johannes Leikvoll. Aina S. George er kontaktperson for NLM.

Enjoy Gospel gledde oss med flott konsert i slutten av november, saman med eit gospelkor frå Knarvik.

I desember arrangerte me Julesong, med Sangfelleskapet Hatikva. Det var ein kjekk ettermiddag med full møtesal og julebodskapen i sentrum.

Laurdagstimen samlar stadig mykje folk, både born og vaksne. Det er samlingar omtrent to gonger i månaden. Borna er i alderen 0-15år, og det var 10 leiarar med sist år. Dette er eit viktig og utadretta arbeid. Guds ord vert sådd i barnehjerter og vaksne hjerter. Gud har lova at hans ord ikkje skal venda tomt attende, men verka det Han vil! Kvar gong stiller to personar opp og kokar graut, og ordnar så godt til. Dette er det Britt Torsvik som organiserer. Laurdagstimen er i grunnen sjølvstendig, med sitt eige styre og rekneskap, men me reknar det likevel som ein del av vårt barne- og ungdomsarbeid på Bedehuset, og er omslutta av bønene våre.

Bønemøtene om mandagskveldane har også dette året vore ein viktig del av arbeidet. Ikkje alltid så mange oppmøtte, men dei som møter der har ei viktig og uvurderleg oppgåve i å be for arbeidet, for einskildpersonar og for folk og land. Det har vore bønemøter både vår og haust, kvar måndag når det ikkje er fellesbønemøter. Fellesbønemøtene er 2.måndag i månaden, og er på dei ulike bedehusa me har samarbeid med.

Dugnader vart arrangert i april og i september, og no nettopp i februar. Mykje har vorte gjort både ute og inne. På oppsida av huset er det støypt ein sole inntil veggen, for å hindra fukt å koma inn. Ein del av huset er vaska og måla utvendig, og det er måla rundt ein del av glasa. Matsalen er i skrivande stund nesten ferdig oppussa.

For våren 2014 har vi valdt mottoet: Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik, og **størst av dei er kjærleiken.** 1.Kor 13,13

Må dette vera vår bøn; at tru, von og kjærleik må få prega oss framover, og at det kunne bli sagt om oss: "sjå kor glade dei er i kvarandre", slik at fleire kan få lyst til å prøva Jesus!

Styret vil takka for den store innsatsen medlemmane har gjort. Det er ein enorm lette at arbeidslistene har fungert så godt. Takk, takk!

Til slutt vil me minnast dei som har gått bort i 2013:

Ivar Ones
Gustav Wiik
Ingrid Nesse
Olav Bongom
Knut Ones

For Hundvingrend Indremisjon, 19.02.14., Brita Bogevik

Brita Bogevik - skriver